



Constantin Corfariu  
Ådlandsvegen 1016  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2324 - 17/23971

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
04.12.2017

## GBNR 37/21 - Trong for tilleggskontroll

Tiltak: Bruksendring av fritidsbustad til heilårsbustad  
Byggjestad: Gbnr: 37/21  
Tiltakshavar:  
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 07.11.2017.

### Mottakskontroll:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf byggesaksforskrifta § 5-4. Vi ber om at søknaden blir supplert med følgjande dokumentasjon:

### Søknad om ansvarsrett for sjølvbyggjar:

I søknaden er det opplyst at tiltakshavar ønskjer å søke om personleg ansvarsrett som sjølvbyggjar for funksjonen som utførande for tømrararbeid. Og vidare at tiltakshavar er utdanna tømrrar frå Romania. Kommunen kan godkjenne person for ansvarsrett som sjølvbyggjar av eigen bustad eller fritidsbustad, dersom personen gjer sannsynleg at arbeidet vil bli utført i samsvar med vedtekter gitt i eller med heimel i plan- og bygningslova, jf SAK § 6-8.

Vedlagt følgjer søknadsskjema for personleg ansvarsrett (blankett 5184), som må fyllast ut, signerast av tiltakshavar og sendast kommunen.

### Avstandserklæring:

I søknaden er det opplyst følgjande om avstand til nabogrense i vest (grense mot gbnr 37/5):

*«Da det ikkje er helt klart hvor ny grense blir vil det bli ettersendt nabosamtykke vedrørende avstand til grense i vest når arealoverføring og nytt matrikelbrev foreligger».*

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Kommunen gav 15.11.2017 løyve til arealoverføring mellom eigedomane, sjå arkivsakid 17/2818. Kommunen kan ikke gi løyve i eitt trinn (søknaden gjeld løyve i eitt trinn) før tilhøve til nabogrense er avklart, anten gjennom avstandserklæring eller dispensasjon frå avstandskravet i pbl § 29-4. Administrasjonen kan ikke sjå noko til hinder for at det kan innhentast naboerklæring som utformast slik at plassering av bygg blir godkjent i samsvar med til dømes innsendt situasjonskart og teikningar.

### **Særskilt om vassforsyning:**

Kommunen skal vurdere om eit tiltak har naudsynt tilknytning til infrastruktur som veg, vatn og avlaup, jf. pbl §§ 27-1, 27-2 og 27-4. I søknaden er det opplyst at eigedomen har privat vassforsyning (borehol).

Administrasjonen viser til vedlagt førehandsvarsel om krav om tilknytning til kommunalt vassanlegg, samt vedlagt situasjonskart som viser vassleidning og tilkoplingskum, arkivsakid 17/1143. Det er ikkje enno gjort vedtak med krav om tilknytning til det kommunale vassanlegget for gbnr 37/21, noko som skuldast at administrasjonen var kjent med førebuing av søknad om bruksendring av eigedomen. For andre samanlignbare eigedomar i området har kommunen gitt pålegg om tilknytning, og det må påreknast at kommunen vil gjere det same for gbnr 37/21.

Det må på vanleg måte søkast om tilknytning gjennom godkjend rørlegarføretak via kommunen sitt eige søknadsskjema om dette, sjå vedlegg.

. Følgjande skal leggjast ved søknaden:

- Situasjonskart som viser tilknytingspunktet til den kommunale leidningen
- Erklæring om ansvarsrett frå rørleggarføretaket
- Eventuelle erklæringar t.d. erklæring med løyve til å leggja leidningsnett over privat eigedom/ erklæring med løyve til å knyta seg til privat stikkleidning
- Evt. søknad om [graveløyve i offentleg veg og gategrunn](#)

For god ordens skuld blir det opplyst at spørsmålet om tilknytning til offentleg vassanlegg ikkje har vore rekna for å vere til hinder for å gi løyve til bruksendring som omsøkt. Kommunen finn det likevel rett å opplyse om tilhøva saman med behov for øvrig tilleggsdokumentasjon, slik at tiltakshavar snarast kan innrette seg etter dette.

### **Andre opplysningar:**

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon blir sendt inn samla innan **08.01.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, blir saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det blir gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

## **Gebyr**

Gebyr blir rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det blir sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
Juridisk rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## **Vedlegg:**

37-21

Søknadsskjema+-+nytt+abonnement+offentleg+vatn,+avlaup.docx.as

Førehandsvarsel - GBNR 3721 - Krav om tilknytning til kommunalt vassanlegg - Ådlandsvegen (L)(309974)

## **Mottakarar:**

Constantin Corfariu	Ådlandsvegen 1016	5918	FREKHAUG
Delta Bolig Prosjektering AS	Grøvlesvingen 29	5108	HORDVIK
Fløysand Va AS	Fløksand	5918	FREKHAUG